

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 40/2004

Møtedato: 8.9.04

Arkiv nr: S 779

S 779, Skruvla – søknad om uthus

Per Olav Svenskerud søker om å få føre opp uthus som skal brukast som ungdyrfjøs og lager. Uthuset er 4,5 x 6 meter. Plassering av huset er vist på vedlagt kartskisse; ca 13 meter sør for tunet og inntil gjerdet mot vegen.

I seterregisteret er følgjande registert:

- Sel 58 m2
- Dritsbygning 73 m2
- Løe 28 m2
- Kokehus/uthus 37 m2

Svenskerud søkte om tilsvarende bygg i 1996 utan at bygginga vart gjennomført. I sak 98/96 gjorde fjellstyret følgjande vedtak: *Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene på vilkår av at det blir plassert i tunløysing som vist på søknaden. Dersom flyttinga ikkje er gjennomført innan 1.7.97 fell løyvet bort.*

Stølen er i bruk og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom stølen er i bruk som støl og fjellstyret finner å kunne godkjenne det omsøkte, har ikkje Statskog merknader til søknaden.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.9.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Per Olav Svenskerud
Statskog
Vestre Slidre kommune